# Dei gode gamle dagar.

Av Helge Leirdal.

Husmo'ri stod på frå tidleg morgon til seine kvelden; ho var slett 'kje arbeidsledig. Ho hadde store kunnskapar um matlaging og konservering, og um alt mogeleg anna i hus og hage. Og ho kunde sy og strikka og spinna og vøla kle.

Husfa'ren kunde nok ogso trø til på kjøken, men berre um han var heilt nøydd. Husmo'ri vilde nok helst ikkje hava honom der helder. Kjøken var jo hennar arbeidsplass. Var ho so heldig at hava gjentungar hadde ho deim til å hjelpa seg, og kanskje ogso mo'ri eller svigermo'ri.

Og — ektemannen hennar såg nok slett 'kje ut som han her...



Ungarne voks upp i ein trygg heim der mo'ri alltid var til stades; og dei slapp å bli plassert i barnehage. Tvo av besteforeldri var helder aldri langt vekke.

Og dei visste at foreldri; mor og far, alltid kom til å halda saman. Slik dei hadde lovt kvarandre.

Og — alle ungarne visste kva kyn dei var; det var jo alldeles sjølvsagt.

Her er nokre heilt soleklare fakta:

1. Å drepa ufødde ungar ("abort") er mord.

2. Lemlesting av ungar er ekstremt grov kriminalitet.

3. Me hev (naturlegvis) berre tvo kyn: mann og kvinne.

4. Ekteskap er millom mann og kvinne.

5. Foreldre er mor (kvinne) og far (mann).

6. Menner skal aldri taka del i dameidrett; og ei helder aldri ganga inn i dame-garderobar og inn på dametoalett. Naturlegvis!!

Er d'kje merkeleg at me verkeleg må til å *forklara* slikt som dette; som er so sjølvsagt?! Kva *tidor* er det me lever i?? Nyss vart *ein mann* kåra til Miss Nederland...

Ein liten unge (som vel og merka inkje er hjernevaska i barnehagen) kann lett svara heilt korrekt på kor mange kyn me hev. Men — prøv å spyrgja ein politikar...

Og du kann godt smyrja lepestift på ein gris, men du veit, han er fortsatt ein gris, same kor mykje du kliner på.

---

"Before I became a mom, I had no idea that one of the hardest things about motherhood would be protecting my children from the government." The Empowered Patriot.

---

"Any parent or doctor who sterilizes a child before they are a consenting adult should go to prison for life." Elton Musk.

---